

Klappar for Ole Edvard?

27.02.2012



Vegard Døssland, Uskedalens svært lovande musikar, har hatt ei ny innhaldsrik og minnerik helg. Han har debutert ii Norsk Blåseorkester under ei samling på Toneheim folkehøgskule i Vang og opplevd det som svært inspirerande. Det skuldast ikkje minst dirigenten, stjernetrompetisten og vangsokningen Ole Edvard Antonsen.

Vegard er svært begeistra over møtet med Antonsen, ikkje minst fordi han er ein så jordnær type og på bilettet over klappar han truleg for han, som står ved sida hans,,

Det var samtidig samling for Norges Nasjonale Brassband dirigert av Bjørn Sagstad og dei to orkestra hadde ein mektig felleskonsert i Vangskyrkja til slutt

Tekst: Ola Matti Mathisen



Felleskonserten i Vang kyrkje var ei mektig oppleving